



Tormod Fossheim skal ha hovudinnlegget (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det vert møte i Dialogforumet måndag 15. november i Gamleskulen.  
Tema er: Sentrumsutvikling og tettstadanalyse.**

**Verksemdleiar for Samfunnsutvikling i Kvinnerad kommune, Tormod Fossheim, skal ha hovudinnlegget.**

Han vil informera om arbeidsforma med ein tettstadanalyse og sei noko om viktige spørsmål kring framtidig arealbruk i Uskedalen.

Tettstadanalyse har vore med hell vore brukt i desse bygdene: Rosendal, Mauranger, Sunde og Husnes. No kan det bli Uskedalen sin tur. Kostnaden må truleg delast i eit privat/offentleg partnerskap.

Vi er godt nøgde med at Dialogforumet er på plass att. Ansvarleg gruppe er Bjørn Olav Tveit, Bjarte Døssland, Sigurd Børve og Steinar Haugland.

Det er høve til å melda inn tema ein ynskjer å ha fokus på.

Eit aktuelt tema på nyåret bør vera vidare arbeid med Festidalen. Det er von om ny festival i 2012.

Bjørn Olav Tveit i arbeidsgruppa vonar på godt frammøte og gode drøftingar for korleis vi skal koma oss vidare med arealplanarbeid i Uskedalen.

Av Kristian Olav Bringedal